

Kulturdepartementet
postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Deres referanse: 19/6186

Høringsuttale frå Landslaget for lokalaviser til **Forslag til lov om Mediestøtte**

Landslaget for lokalaviser (LLA) er interesseorganisasjon for over 110 lokalaviser landet rundt. LLA arbeider med rammevilkår frå spørsmål knyta til ytringsfridom, til innsyn og pressestøtte. LLA har dei siste åra satsa tungt på å hjelpe lokalavisene med digital satsing og innovasjon knytt til dette. LLA har og eit omfattande kompetansearbeid med drift av idébank, rådgjeving og har årleg 4-500 lokalavismedarbeidarar på skreddarsydd faglege kurs og seminar.

Forslaget til lov om mediestøtte følgjer opp Stortingsmelding 17 (2018-2019) *Mangfold og armlengdes avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* (Mediestøttemeldinga), som blant anna var ei oppfølging av MMU- Mediemangfaldsutvalets utgreiing NOU 2017:17 *Det norske mediemangfoldet. En styrket mediepolitikk for borgerne*.

- LLA støttar fullt opp om det uttrykte hovudmålet med lov om mediestøtte som er å sikre dei redaktørstyrte journalistiske medias uavhengighet, og å legge til rette for eit mangfald av medier over heile landet som tilbyr journalistikk av høg kvalitet.
- LLA vil få peike på at lov om mediestøtte ikkje i seg sjølv løyser utfordringane for media. Media er nå inne i ei krevjande digital omstilling og opplever at dei redaktørstyrte medier misser annonseinntekter til aktørar som ikkje leverer journalistikk. Det gjer det krevjande å finansiere journalistikken landet rundt og det er naudsynt med ein aktiv mediepolitikk gjennom både indirekte og direkte pressestøtte. Å investere i gode rammevilkår for media er lønsamt for samfunnet.
- LLA vil framheve at gode lokalaviser med tilstrekkeleg journalistiske ressursar er grunnfjellet i mediemangfaldet og heilt avgjerande for velfungerande lokalsamfunn og lokaldemokratiet. Det positive løftet i den direkte pressestøtta for 2020 er eit viktig steg.

Den største styrken til det norske samfunnet er at vi har høg sosial kapital som er avgjerande for tillit til samfunnsinstitusjonane, både offentlege og frivillige forvaltningsorgan, institusjonar og organisasjonar. Det gjer òg at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for tilliten til demokratiet. Alt dette står på spel gjennom mediepolitikken. Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet, og som er med på å skape eit gjennomsiktleg samfunn, blir den sosiale kapitalen tappa og tillitssamfunnet vil gradvis forvittra. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.

Langsiktige rammer for heile bransjen er bra

I lovforslaget blir foreslått å legge til rette for ein meir heilheitleg mediepolitikk, ved å legge opp til fast gjennomgang av dei mediepolitiske virkemidlane kvart fjerde år.

Det blir i lovforslaget også foreslått etablere faste, langsiktige rammer for mediestøtta, gjennom å etablere eit system med fireårige styringssignal for NRK og den direkte mediestøtta.

- LLA ser det som positivt at det blir tatt ein grundig gjennomgang av mediepolitikken kvart fjerde år. Å vurdere heile mediebilete samla er viktig og vil sikre best muleg grunnlag for dei overordna mediepolitiske føringar.

Men LLA vil samstundes peike på det viktige med gode, opne, inkluderande politiske prosessar når ein skal ta avgjerder som gjeld så lenge som for fire år. Her bør det leggest stor vekt på alt frå innhenting av fakta frå og om bransjen, til drøfting av målsetting for mediepolitikken og utforming av virkemiddel.

- LLA vil understreke at mediebransjen opplever store endringar og vi ser at endringar i dei økonomiske føresetnadene ikkje er ei jamn endring men kjem i større og mindre hopp og først og fremst fall (annonseinntekter). Det er alt i dag vanskeleg nok for politikken å følgje med utviklinga i media og fireårige styringssignal må for all del ikkje føre til mangel politisk innsikt, debatt og tiltak om nødvendig innan dei fireårige styringsperiodane. Mediepolitikken er eitt av fundamenta i demokratiet, og må vere ein del av den heile tida pågåande politiske samtalen.

*LLA vil foreslå at det blir tatt inn i lova at det årleg skal vere til debatt i Stortinget ein brei mediepolitisk gjennomgang. Her kan, og bør ein i tillegg til den direkte mediepolitikken også drøfte yringsfridom og openheit i samfunnet.

LLA meiner at årleg mediedebatt i Stortinget er heilt nødvendig for kunnskapsutveksling om utviklinga i bransjen, utfordringar og for å drøfte korleis mediepolitikken fungerer. Ein slik årleg debatt, lagt utanom den tidspressa årlege budsjettdebatten kan styrke mediepolitikken i forhold til i dag.

LLA meiner at denne årlege mediedebatten i Stortinget bør organiserast som ei evaluering av sjølv demokratiet i samfunnet vårt med alt som ligg rundt det. Mediepolitikk vil då naturleg stå sentralt. LLA meiner at ein slik debatt er nødvendig for å skape innsikt i kva som gir eit godt demokrati og kva vi kan gjere betre for at det kan fungere best muleg på alle samfunnsområde.

Mediestøtteråd

Det blir i forslaget foreslått å auke medias redaksjonelle uavhengigheit ved å oppretta eit mediestøtteråd, som gir større armlengds avstand mellom politiske styresmakter og media/mediene.

- LLA sluttar seg til intensjonane bak forslaget om å etablera eit uavhengig Mediestøtteråd; å styrke prinsippet om armlengds avstand mellom politisk leing og mediene. Det er konsistens i vurderingane av at når forskrifter og fordeling av direkte støtte ikkje lenger er under politisk kontroll vil det hindra at det finnest, eller framstår som at det finnes, uheldige bindingar (avhengighetsforhold) mellom bestemte medier og politiske styresmakter.

Men LLA vil og peike på utfordringar ved å opprette eit slikt mediestøtteråd

- Mykje makt samla på få hender
- Korleis rekruttere eit råd som både har breidde, kunnskap og oppfyller krava til integritet?
- Det blir lagt vekt på langsiktige politiske styringsignal i andre deler av lovforslaget. Men med så stor handlefridom som rådet etter forslaget har kan dei gjere store endringar som kan få store konsekvensar for støttemottakarar.
- Rammene for mediestøtterådet sine fullmakter er for vide både når det gjeld mynde og når det gjeld korleis dei skal utøve sitt virke i samspel med politikk og bransje.

Den viktigaste skepsisen frå LLA til etablering av mediestøtteråd er at det kan redusere politisk engasjement og debatt om mediepolitikk.

*Alternativ til mediestøtteråd

LLA meiner at det er muleg å finne alternativ til etablering av mediestøtteråd. Som det går fram av høyringsnotatet er også i dag forvaltninga av mediestøtta innretta med mekanismar som skal sikre redaksjonell uavhengigheit og at mediebrukarane har tillit til tilskottssystemet. Tilskottsordningane er basert på mest muleg objektive kriterier. I tillegg er forvaltninga av ordningane delegert til Medietilsynet. Medietilsynet er i hovudsak underlagt departementets instruksjonsmyndigheit sjølv om departementet i praksis ikkje har involvert seg i tilsynets handsaming av enkeltsaker. Til å støtte seg på i sakshandsaminga er det i dag og eit Tilskuddsutvalg som er rådgjevande for Medietilsynet.

- LLA vil be om at det blir vurdert om ein som alternativ til etablering av Mediestøtteråd kan gi Medietilsynet ei friare rolle i mediepolitikken og slik oppfylle ønskje om sterkare armlengds avstand mellom politikk og media. Som ein del av dette kan

tilskuddsutvalget få eit nytt mandat og ei ny samansetting slik at bransjen er i mindretal. Og ein kan gjerne kalla dette for mediestøtteråd, men altså med eit meir avgrensa mandat og ei anna samansetting enn det er lagt opp til for mediestøtterådet i lovforslaget.

Mandat og arbeidsform for mediestøtteråd

Dersom det blir etablert eit mediestøtteråd meiner LLA at mandatet må justerast og det må vere tydelege føringar for korleis rådet skal arbeide.

- LLA sluttar seg til at Medietilsynet framleis skal forvalta dei direkte tilskottsordningane og vere sekretariat for Mediestøtterådet. LLA vil rå til at det blir vurdert å auke Medietilsynets mynde til å ta avgjerder, i forhold til Mediestøtterådet.
- LLA meiner at det må vere tydelegare avklaringar av formalitetane mellom politisk nivå (politiske føringar) og rådets fullmakter. Her må det avklarast (og avgrensast) kor stor del av ramma mediestøtterådet kan omfordele både mellom støtteordningar og mellom støttegrupper.
- Mediestøtterådet må ikkje ha så vide fullmakter at det kan overprøve føresetnadene om meir langsiktige generelle rammer og nivå på den direkte pressestøtta.
- Samansetting av mediestøtterådet
LLA er naturleg nok opptatt av at det er personar i rådet med tilstrekkeleg kunnskap om både små lokalsamfunn og korleis livet er for, og i dei små lokalavisene. I dette ligg at rådet må ha god geografisk samansetting.
- LLA meiner at det er svært viktig å få tydelege rammer for Mediestøtterådets arbeidsform innbakt i lova. Vi meiner at gjennomsiktlege prosessar er heilt avgjerande for at rådet skal ha tillit både hos politikarar og mediebransje.
 - Rådet må gjennomføre opne høyringar med bransjen (tilsvarande stortingskomiteen)
 - Ha full openheit om all kontakt med aktørar i bransjen
 - Møte der det blir tatt avgjerd om forskrifter og fordeling av tilskott må vere opne. (jfr. Stortinget i plenum i alle løyvingssaker)(jfr. PFU)

LLA ser dette som ei viktig og krevjande sak og vi vil gjerne medverke vidare i prosessen med utarbeiding av lov om mediestøtte.

Oslo 24. januar 2020

Landslaget for lokalaviser

Øystein Øygarden (s)
styreleiar

Tomas Bruvik (s)
generalsekretær